

Saksprotokoll

Tildeling av tilskot til verneverdige bygningar og anlegg 2021

Arkivsak-dok. 21/12396
Saksbehandlar Eivind Dalseg

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hovedutvalg for kultur, folkehelse og frivillighet	19.05.2021	50/21

Følgende tas til orientering:

Høvesvis vedtak i utvalssak 7/20 vart det for budsjettåret 2021 lyst ut tilskotsmidlar til verneverdige bygg og anlegg. Tilskotsposten har ei budsjettramme på kroner 1.500.000,-.

Utlysinga vart gjort kjent gjennom avisannonsar, eiga nettside, facebook og til ulike nettverk per mail. Søknadsfrist vart sett til 10. februar. Utlysinga etterspurde søknadar om midlar til å dekke meirkostnadar ved antikvarisk istandsetting av verneverdige bygg og anlegg. Dette med målsetting om å redusere rivingshastigheten, minske unødvendig utskifting, legge til rette for tradisjonell materialbruk, samt stimulere til utvikling av tradisjonshandtverkskompetanse i byggenæringa. Bygningar og anlegg med større lokal, regional eller nasjonal verdi, tiltak av skadeførebyggjande karakter, samt opplæringsprosjekt vart prioritert.

Nokre innkomne søknadar vart etter vurdering fordelt internt mellom dei tilskotsordningane som kulturminnevern og kulturturisme administrerar. Oppsummert vart 99 søknadar om tiltak handsama i denne tilskotsordninga. Dette er ein auke på 24 søknadar frå i fjor.

Tilskotsordninga har tidlegare hatt positiv effekt på lokalt næringsliv, både i form av arbeid til handverksbedrifter, reiselivsbransjen og konkrete utviklingsprosjekt. Ordninga har òg bidratt til å i stor grad løyse ut statlege midlar. Fram til mai i år har private huseigarar i Agder fått tildelt 5 612 000,- frå Kulturminnefondet, der med få unntak samtlege prosjekt er i samarbeid med fylkeskommunen si tilskotsordning.

Som følgje av liten fylkeskommunal kurs- og seminaraktivitet knytt til bygningsvern våren 2021, vart delar av midlane satt av til dette omdisponert til tilskotssordninga (200 000,-). 83 søknadar fekk tilskot, samla kroner 1 837 000,-. Totalt vart det søkt om 7 256 000,- med ein totalkostnad for alle prosjekta på 37 895 000,-.

Dei fleste avslåtte søknadane oppfylte ikkje kriterie eller målsettingar kommunisert i utlysingsteksten. Avslåtte søknadar som har potensiale for tildeling vert følgde opp vidare gjennom bygningsvernssentra i Setesdal og Risør, samt byggeskikkssenteret i Flekkefjord.

Fylkeskommunedirektøren erfarer at det generelt er stort avvik mellom omsøkte beløp, antall søknadar og sum til fordeling. I vedlagte tabell framgår søkjarar, totalkostnad og tildelingar av tilskot til vernevedige bygg og anlegg 2021.

Hovedutvalg for kultur, folkehelse og frivillighet har behandlet saken i møte 19.05.2021 sak 50/21

Hovedutvalg for kultur, folkehelse og frivillighet - vedtak
Saken tas til orientering.